



Rovviltneimnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltneimnda region 1
Adresseliste

Dykkar ref:
«Ref»

Vår ref.:
2025/7155

Arkivnr.:

Dato:
12.05.2025

Lisensfelling av jerv og ulv i rovviltregion 1 for 2025 - 2026

Saksframlegg frå sekretariatet.

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt, Rovdata
- Data frå Rovbasen
- Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011
- St.meld.nr. 21, Ulv i norsk natur (2015-2016)

Sak 08/2025 Lisensfelling av jerv

Saksopplysningar

Lisensfellingsperioden for jerv er 20. august til 15. februar. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av jerv eller anna rovvilt i Region 1. Rovviltneimnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har m.a. i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskapen for felling.

Det er likevel slik at også i Region 1 skal ein ta omsyn til nasjonale mål for jerv. Difor er det og krav om fastsetting av kvote. Rovviltneimnda skal legge til grunn data frå nasjonalt

Postadresse:
Rovviltneimnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltneimnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Noralv.Distad@vlfk.no
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>
Rovviltneimnda region 1
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovviltneimnda-region-1/>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

overvakingsprogram, Statens naturoppsyn (SNO) sin dokumentasjon av forekomsten av jerv i Region 1 og tilgrensande område i spesielt Region 3, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på jerv (jf forvaltingsplanen pkt 8.7). Klima- og miljødepartementet har i handsaming av klagesaker streka under at *”prinsippet om arealdifferensiering ikke er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet.”* På den andre sida seier forvaltningsplanen at rovpattedyr med skadepotensiale er uønska i regionen.

Rovviltforliket gjentek regjeringa si hovedprioritering av lisensfelling som hovudregel for uttak av jerv. Ekstraordinære uttak skal haldast så låge som råd. Samstundes er det sagt at *”i de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling, skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt. Uttak i det som av rovviltneemdene er definert som prioriterte beiteområder i de enkelte regionene blir prioritert.”* Region 1 er fullt ut definert som prioritert beiteområde.

Pr 12. mai i år er det registrert 32 ynglingar i landet i 2025 (61 i 2024). Det er enno relativt tidleg i arbeidet med hiregistreringar, slik at desse tala vil truleg endre seg ein god del. Miljødirektoratet/SNO har ikkje dokumentert yngling i region 1 per i dag. Det er registrert fem ynglingar i region 3, (Oppland), førebels ingen i Sjøk kommune som ligg nærast t.d. Luster kommune. Nasjonalt bestandsmål er 39 årlege ynglingar. Rovdata legg fram offisielle tal 1. oktober.

I vår region har det pr. 05.05.2025 vore ekstraordinært uttak av ei hojerv i Suldal kommune. I løpet av lisensjakta i sesongen 2024/2025 vart ingen jerv felt.

Det er jerv i heile området i Indre Sogn, med hovudvekt på Luster kommune. Tal dyr som oppheld seg her er usikre, og det er i tillegg jamleg vandring mellom region 1 og nærliggjande kommunar i region 3. Ut frå tala til SNO er det på bakgrunn av DNA-prøver grunn til å tru at det er 8-10 jerv i den nordlege delen av region 1. Det er elles i vinter/vår registrert/dokumentert jerv i kommunane Sunnfjord, Stryn, Luster, Årdal, Suldal og Sirdal. Det har vore relativt stor aktivitet i den sørlege delen av regionen (Suldal og inn i Agder), og det er dokumentert fleire tisper i området. Yngling er ikkje dokumentert, men er dokumentert i Bykle kommune i region 2. Det er grunn til å tru at rundt 4-6 dyr held seg i denne sørlege delen av region 1 (og region 2).

Tal ynglingar i landet ligg godt over det nasjonale bestandsmålet, og er rekna til å vere litt over 350 vaksne individ i gjennomsnitt dei siste tre åra. Bestanden er rekna til å vere stabil.

I 2024 vart det i regionen vår dokumentert ein jerveskade, og ein usikker jerveskade, begge i Luster kommune.

Så langt i 2025 er det pr. 5. mai registrert tre kongeørnskader, i Austevoll (2) og ein i Stryn. Ingen andre rovdyrskadar er registrert, men det er enno tidleg i sesongen og få dyr er sleppt på utmarksbeite per i dag.

Sekretariatet si vurdering

Den nasjonale bestanden av jerv ligg om lag på, eller noko over bestandsmålet, og er rekna å vere stabil. Tal ynglingar har vore langt over det nasjonale bestandsmålet dei siste åra med 45 ynglingar i 2022, 64 i 2023 og 61 i 2024. Tal ynglingar vil variere kvart år, alt etter kor mange av tispene som går til yngling. Det er ikkje regelen at dei ynglar kvart år.

På den eine sida er det viktig å ha ei tilstrekkeleg kvote for å kunne ta ut jerv på lisensfelling. Det gjeld både dei dyra som kan tenkast å ha fast tilhald innanfor regionengrensa, men og dyr som nyttar grenseområde mot Oppland og mot Agder/Telemark. Jerven sin vandringskapasitet og utfordringa med å framskrive situasjonen fram til midten av februar neste år, gjer det vanskeleg å gje råd om ei talfesta kvote.

På den andre sida tilseier røynslene med lisensfelling at få dyr blir tatt ut i Region 1. Uttaket varierer mellom 0 og 1 dyr pr sesong. Det er likevel eit mål at fleire dyr skal takast ut gjennom lisensjakt, og KLD har vedteke forskriftsendring for å få meir effektiv lisensjakt. KLD har og seinast i møte med rovviltnemnda i 2025 oppmoda om større innsats i lisensfellinga. Sogn og Fjordane har tidlegare vore med i eit prøveprosjekt med meir effektiv lisensjakt (Luster og Årdal). Prøveordninga er frå 2020/2021 gjort permanent, men utan at dette har ført til at ein større del av fellingskvoten har blitt felt. Utfordringane med vêr, klima og terreng vil framleis vere største hindera for felling i vår region. Kvotefastsetting er uttrykk for eit maksimalt forsvarleg uttak, der førekomst og skadepotensiale blir vurdert opp mot bestanden si evne til overleving på lang sikt. Sjølv om førekomsten av jerv er spreidd, vurderer vi sjansen for innvandring framleis som størst i Indre Sogn og Nordfjord (Stryn) i Vestland. Ut frå observert jerv i vinter og vår vil skadepotensiale vere størst i Indre Sogn i Årdal, Luster og Stryn, og i områda Ullensvang/Sirdal/Suldal kommunar i sør.

Som for ulv er det først og fremst skadepotensialet som er avgjerande for om det blir tilrådd kvote for lisensfelling. Erfaringa gjennom mange år med jerv og jerveskader viser at skadeomfang kan bli betydeleg dersom det er jerv i beiteområda. Når bestanden av jerv er over bestandsmålet er lisensfelling i tråd med rovviltforliket av 2011, rovviltforskrifta § 10, jf. § 7 og naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav c. Vilkår for lisensfellinga er i samsvar med regional forvaltningsplan, jf. rovviltforskrifta § 6.

I 2025 er det registrert fem ynglingar i tidlegare Oppland fylke så langt. Bestandsmålet for fylket er fire ynglingar pr. år. Det er frå Innlandet (Oppland) jervane stort sett vandrar inn, og vedtaka og forvaltninga der har såleis stor innverknad på region 1, spesielt for Vestland, men og lenger sør. Det er vidare slik at det er dei mange ekstrauttaka både av hi og enkeltdyr i den nordlege delen av Vestland som gjer at regionen har hatt eit rimeleg lågt skadeomfang dei siste åra. Ekstraordinære uttak i vinter sør i region 1 og 2, med til saman seks vaksne og to ungar vil truleg og verke inn på skadeomfang/skadepotensialet her.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 20.08.2025 – 15.02.2026. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt

plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 24.11.2023).

- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Statsforvaltaren.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga

Vedtak:

Vedtaket i saka blir sendt ut som eiga brev, med klagerett.

Sak 09/2025 Lisensfelling av ulv

Saksopplysningar

Nasjonalt forvaltingsmål for ulv er 4-6 årlege ynglingar i pr. år, der minst tre skal vere heilnorske ynglingar. Også ynglingar utanfor ulvesona skal telle med, og grenserevir skal telle med, med ein faktor på 0,5. Bestandsmålet (3 heilnorske ynglingar/år) har vore nådd dei siste åra. Registreringane viser at det er fødd tre ulvekull i heilnorske revir i 2024/2025, i tillegg tre i grenserevir. Dette gjev til saman 4,5 ulvekull i Noreg. Vinteren/våren 2024/2025 er det dokumentert 57 – 64 ulvar heilt eller med delvis tilhald innanfor Noreg sine grenser. Bestanden er om lag på det nasjonale bestandsmålet.

Den siste felte ulven i region 1 var i Hyllestad i Vestland 15.01.2021. I tillegg ble det felt ein ulv i Lund i Rogaland 16.10.2020. Begge var hannulvar.

Statens naturoppsyn har ikkje registrert sikre observasjonar av ulv i region 1 i vinter/vår. Dei siste sikre observasjonane i vår region er synsobservasjon/viltkamera frå Vennesla 01.10.2024, og ekskrement frå Vennesla 27.12.2024. Her ble og ein jakthund drepen av ulv (dokumentert) den 27.12.24. DNA prøven viste at dette var ein hannulv.

Sekretariatet si vurdering

Så lenge bestanden av ulv er rundt/på bestandsmålet, er det sannsynleg at det vil kome streifande ulvar til region 1 og i tida framover. Det er truleg ein nedgang i tal ulvar frå 2024 i Noreg, sjølv om bestandsmålet for ynglingar er nådd. Endelege tal for dette er ikkje tilgjengeleg enno. Eventuell skadefelling av streifande ulv i region 1, i hovudsak hannulv, vil ikkje ha innverknad på utviklinga av den norske ulvebestanden.. Det skal så langt som mogleg unngåast å felle genetisk viktig ulv, jf. skriv frå Miljødirektoratet 09.05.2025. Om ulven er genetisk viktig kan avklarast ved DNA-analyser.

Det er først og fremst det store skadepotensiale ein ulv vil ha i region 1, som er avgjerande for tilrådinga om lisensfellingskvote. Region 1 er svært viktig for beitenæringa, og erfaringa med ulv dei siste åra, seinast frå 2024, tilseier at skadeomfanget kan vere stort. Slik skadefelling er

heller ikkje i strid med naturmangfaldlova (nml) § 18, og det er i tråd med rovviltforliket av 2011, med seinare tillegg for ulv. Det er og i tråd med rovviltforskrifta § 10, jf. §§ 6 og 7, og er i samsvar med regional forvaltningsplan. Framlegget til vedtak bygger på kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) for ulv som er ekstremt godt. Dei andre paragrafane (§§ 9-12) i nml. kjem etter vårt syn derfor ikkje til anvending i denne saka. Ut frå erfaringane med ulv frå dei siste åra, vil vi rå til å vedta lisensfelling av ulv i region 1 også for 2025/2026. Lisensfellingsperioden for ulv i vår region er frå 1. desember til 31. mai.

Framlegg til vedtak

*1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.12.2025 – 31.05.2026. Til saman kan det fellast 2 **ulv** i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten. Genetisk viktig ulv skal så langt som mogleg ikkje fellast.*

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 24.11.2023).

-Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

-Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga.

Vedtak:

Vedtaket i saka blir sendt ut som eiga brev, med klagerett.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda for region 1
Tlf. 91374976

Kopi pr. e-post m/vedlegg:

- Statsforvaltarane i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Vestland Bondelag
- Rogaland bondelag
- Agder Bondelag
- Sogn og Fjordane sau- og geit
- Hordaland sau- og geit
- Rogaland sau- og geit
- Vest-Agder sau- og geit
- Naturvernforbunda i region 1
- WWF
- Foreningen Våre Rovdyr
- NOAH - for dyrs rettigheter
- Aktivt rovdyrvern
- Norges Miljøvernforbund
- Sogn og Fjordane jeger- og fisk
- Hordaland jeger- og fisk
- Rogaland jeger- og fisk
- Vest-Agder jeger- og fisk
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
- Hordaland bonde- og småbrukarlag
- Rogaland bonde- og småbrukarlag
- Vest-Agder bonde- og småbrukarlag

Adresseliste rovviltneemnda medlemar pr. e-post:

Noralv Distad, leiar noralv.distad@vlfk.no

Trude Brosvik, trude.brosvik@vlfk.no

Kine Bratli Dale, kine.bratli.dale@vlfk.no

Hanne Marte Vatnaland, nestleiar hanne.marte.vatnaland@rogfk.no

Kai Steffen Østensen, kai.steffen.ostensen@politiker.agderfk.no

Varamedlemar:

Sigbjørn Framnes, sigbjorn.framnes@vlfk.no

Sigrid Brattabø Handegard, sigrid.brattabo.handegard@vlfk.no

Karianne Alette Torvanger, karianne.alette.torvanger@vlfk.no

Reid Ivar Bjorland, reid.ivar.bjorland@rogfk.no

Mirell.Høyer-Berntsen, mirell.hoyer-berntsen@politiker.agderfk.no